



## Styret i Hallingdal Brann- og Redningstjeneste IKS

Dato: Onsdag 13.05.2026, 17:00 - 19:00 (CEST)  
Sted: Teamsmøte  
Behandlingsmåte: Videomøte

---

### Sak 16 - Endring av gebyr

#### Saka gjeld

Auke i gebyr for unødig utrykking til automatiske brannalarmanlegg, samt fastsetting av gebyr for fresing av skorsteinar og plombering av eldstader.

#### Framlegg til vedtak

1. Gebyret for unødig utrykking til automatiske brannalarman vert auka til kr. 5 700,- per utrykking.
2. Timepris for arbeid knytt til fresing av skorsteinar og plombering av eldstader vert fastsett til kr. 727,- per time.

#### Bakgrunn for saka

Gebyret for utrykking til unødige brannalarman er i dag kr. 2 500,-. Reelle kostnader ved slike utrykkingar er vesentleg høgare. Samstundes vart det ved fastsetting av gebyr for feiing og tilsyn av fyringsanlegg ikkje fastsett timepris for anna arbeid, som fresing av blanksot i skorsteinar og plombering av eldstader.

#### Fakta og vurdering

##### Utrykking til unødige brannalarman

Snitt tal mannskap som rykker ut er åtte personar, med unntak av stasjonar med vaktlag der fire mannskap møter. Kostnaden ved utrykking varierer betydeleg:

- Om åtte personar møter frå stasjon utan vakt (minimum 2 timar) på natt eller helg, er kostnaden om lag kr. 12 000,-.
- Ved fleire mannskap eller utrykking i høgtider aukar kostnaden tilsvarande.
- På stasjonar med fire på vakt heile året er kostnaden på dagtid om lag kr. 2 500,-.

Samla sett varierer kostnaden frå kr. 2 500,- til opp mot kr. 17 000–18 000,- per utrykking.

Kartlegging viser at gebyr for tilsvarande utrykkingar i andre brannvesen varierer frå kr. 2 500,- til kr. 25 000,-, med eit gjennomsnitt på om lag kr. 5 000–7 000,-. Det vert tilrådd å nytte eit fast gebyr uavhengig av kommune og tidspunkt.

Det er eit mål å redusere talet på unødige brannalarman. Om lag 45 % av alle utrykkingar gjeld slike alarman. Dette er ressurskrevjande og kostbart, og kan føre til at personar i bygga etter kvart ignorerer alarman. Samstundes er om lag éin av tjue alarman reelle, og gjeld ofte bygg der mange menneskeliv kan stå i fare. Brannalarman og røykvarslarar er dei viktigaste livreddande tiltaka ved brann.

Ei arbeidsgruppe i Sør-Øst 110-distriktet har foreslått likt gebyr for alle brannvesen i distriktet, men det er førebels uvisst om dette vert vedteke.

### **Fresing av skorsteinar og plombering av eldstader**

Ved tidlegare fastsetting av gebyr for feiing og tilsyn vart det ikkje inkludert timepris for arbeid som fresing av blanksot i skorsteinar og plombering av eldstader. Det er behov for å fastsetje ein oppdatert timepris for slikt arbeid.


### **Økonomiske konsekvensar**

Auke i gebyr for unødige utrykkingar vil betre samsvare mellom inntekter og reelle kostnader for brannvesenet. Fastsetting av oppdatert timepris for anna arbeid vil sikre riktig kostnadsdekning.

### **Konklusjon**

På bakgrunn av kostnadsnivå, samanlikning med andre brannvesen og behov for betre kostnadsdekning, vert det tilrådd å auke gebyret for unødige brannalarmer til kr. 5 700,- per utrykking. Vidare vert det tilrådd å fastsetje ein timepris på kr. 727,- pr. time for fresing av skorsteinar og plombering av eldstader frå 2026.

### **Forslag til beslutning:**

 **Styret sitt framlegg til vedtak for kommunestyra: 1. Gebyret for unødig utrykking til automatiske brannalarmer vert auka til kr. 5 700,- per utrykking. 2. Pris for fresing av skorsteinar og plombering av eldstader vert endra frå timepris til fastpris. Fastpris for fresing av skorsteinar: kr. 2200,- pr. oppdrag. Fastpris for plombering av eldstader: kr. 1400,- pr. oppdrag.**

### **Vedlegg:**

 Presentasjon\_Regionalt ABA\_Kongsberg2026.pdf



# Regionalt samarbeid om reduksjon av ABA

Fredrik Håland Johansen  
Vestfold Interkommunale Brannvesen

Bilder: Stian Olberg/DSB



Automatiske brannalarmer er **egentlig** et godt tiltak for person- og brannsikkerheten i et bygg.

Halvparten av utrykningene er til unødige ABA.

I 2025 ble det registrert over 40 000 slike utrykninger nasjonalt.

# Et lokalt og regionalt problem

I Meld. St. 16 (2023-2024) **Brann- og redningsvesenet** **Nærhet, lokalkunnskap og rask respons i hele landet** står det følgende:

- *Brannvarsling i bygg er et av de viktigste og mest grunnleggende brannsikringstiltakene. Det er liten tvil om at røykvarslere og brannalarmanlegg **redder liv.***
- *Brannalarmanleggene fungerer ikke alltid etter hensikten. Hvert år utløses et høyt antall **unødige alarmer** på grunn av **andre forhold** enn brann og røyk.*
- *Å redusere antallet **unødige automatiske brannalarmer** vil dermed ikke bare være positivt for folks tillit til alarmene, men også for **ressursbruken** til brann og redningsvesenet og 110-sentralene.*

## Meld. St. 16

(2023–2024)

Melding til Stortinget

### Brann- og redningsvesenet

Nærhet, lokalkunnskap og rask respons i hele landet





## Et problem med nyanser

- Kanskje det beste tekniske tiltaket for å øke eller opprettholde brannsikkerheten?
- Rask varsling
- Redder liv
- Verdisikring
  
- Genererer inntekter
- Kunnskap om *hvordan det egentlig står til med brannsikkerheten i bygg og bolig*

# Hva med fremtiden?

- Flere boligbygg med direktevarsling
- Flere kommunale boliger med direktevarsling – færre institusjonsplasser (bemannet)
- Flere personer får trygghetsalarm med røykmelder
- (...) og kanskje flere boliger med brannalarm tilknyttet vaktsselskap?

(...) **men** også flere reelle hendelser som varsles via ABA?






## Behov for et regionalt samarbeid

- Dele erfaringer og kunnskap
- Standardisering – likhet på tvers
- Formidle problemet samlet

Arbeidet skal komme til gode for alle i regionen.



## Mål og rammer

- Redusere antall unødige ABA i regionen.
- Opprettholde og øke brannsikkerheten i regionen som helhet.
- Utarbeide og beslutte felles rutiner og likhet i regionen så langt dette er mulig, knyttet til unødig ABA.
- Kategorisere og prioritere hvilke områder regionen skal satse på innenfor unødig ABA.



## Oppgaver og fremdrift

- Revidere kontrakt
- Loggføring – «index»
- Felles veileder
- Nøkkelsafeservice – en revisjon

Felles informasjon på felles plattform?

(...) og hva med fakturering som virkemiddel; kan vi få en likhet her?

A photograph of firefighters in a fire truck. The scene is dimly lit with blue and red emergency lights. In the foreground, a firefighter is seen from the side, wearing a white helmet with the number '206' and a dark jacket with reflective stripes. A 'Dräger' oxygen tank is visible on their back. To the left, another firefighter in a dark helmet is partially visible. In the background, a sign with 'C-2.1' is mounted on the truck's structure. The overall atmosphere is professional and focused.

## Nasjonalt samarbeid

Et større fokus på nasjonale utfordringer, slik som regelverksutvikling og påvirkning av nasjonale aktører, som i sum skal føre til **økt brannsikkerhet** og redusere antall utrykninger.

A photograph of a fire truck inside a tunnel, viewed from the front. The truck is red and yellow, with the license plate 'LJ 79379' visible. The tunnel walls are lined with blue panels. The image has a blue tint and a semi-transparent white text overlay.

**Skal vi nå målet om å redusere antall  
unødige utrykninger, må vi ta  
problemet på alvor, fatte beslutninger  
og gjennomføre det vi har besluttet.**